



Agnes Hoshovde Bernes

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/2246 - 18/14351

Saksbehandlar:

Trine Merete Jansen

TrineMerete.Jansen@radoy.kommune.no

Dato:

05.10.2018

## Referat etter møte i SU/SMU - Sæbø skule

Stad: Sæbø skule, møterommet

Tid: Onsdag 26. september , kl. 17:00

Desse møtte: Elevrådet - to representantar, Arve Hagesæter, Solveig Elvik, Marte Kristin

Merkesdal Klanderud, Thor Inge Lone, Vilde Follesø, Trine Merete Jansen

Desse møtte ikkje: Agnes Hoshovde Bernes (politisk representant)

### Saker:

1. Godkjenning av innkalling, - ingen merknader.
2. Godkjenning av referat frå sist møte, - ingen merknader
3. Det vart gjennomført val, og Arve Hagesæter heldt fram som leiar av SU/SMU. Rektor skriv referat etter møta.
4. Prioritering av saker:
  - Ut i frå årshjulet skal ein framleis prioritera læringsmiljøet på skulen. Det vil bli gjennomført elevundersøking på 5. – 7. trinn i løpet av skuleåret. Skulen vil legge fram resultata etter denne på møtet i januar.
  - Skulen sitt ordensreglement skal evaluerast og eventuelt reviderast.
  - Handlingsplan for eit godt skolemiljø må reviderast etter nytt lovverk knytt til § 9a i opplæringslova.
  - Lekser i friminutt er ei av sakene som Elverådet har valt seg ut, og noko dei kjem til å jobbe med framover. SU/SMU kjem til å følgje denne i litt utvida form med tanke på mulige vegar å gå for å nå kompetanseområda i dei ulike faga, og bruk av lekser i læringsarbeidet.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

5. Status uteområdet:

Rektor informerer om situasjonen og framdriftsplan. Dreneringsarbeidet viser seg mykje dyrare en det som var budsjettert, dette på grunn av forholda i grunnen. Heile budsjettet på 1 million har gått med til dreneringsarbeid og til asfaltering av skuleplassen. Det er framleis ikkje asfaltert, men med utgangspunkt i tilbod som er henta inn, ser ein no totalkostnaden etter asfaltering. Det er difor pr. dags dato ikkje meir midlar igjen til leikeapparat. Dette er problematisk då det er dyrare å etablere leikeapparata etter asfalteringa er gjennomført. Rektor har difor henta inn prisar på det skulen ønskjer av leikeapparat med tilhøyrande fallunderlag, og håper å få tilført meir midlar til prosjektet. Saka skal opp i formannskapet 4. oktober.

6. Saker på eventuelt:

- Politisk representant. Det er eit sterkt ønskje om at politisk representant skal møte til møter i SU/SMU ved skulen. Om ikkje representanten kan møte, vil vi gjerne at vara møter.
- Sonedeling av uteområdet. På grunn av arbeid knytt til uteområdet i sona til mellomsteget, har ein ikkje gjort endringar ift sonedeling av uteområdet. Skulen har i perioden frå skulestart opna opp gymsalen i friminutta, for å kompensere for det avstengde området på skuleplassen. Sonedelinga er evaluert internt på skulen, og konklusjonen er at ein vil halde fram med sonedeling. Når skuleplassen i sona til mellomsteget er ferdig oppgradert, vil skulen vurdere om ein eventuelt skal gjere justeringa ift sonedeling. FAU gjer ei evaluering av korleis føresette opplever sonedeling, og kjem med innspel. Saka har vore opp i elevrådet, og rektor har fått ei skriftleg tilbakemelding. Det kan bli aktuelt at elevrådet tar oppatt saka og etterspør innspel frå dei ulike klassane.

Med helsing

Trine Merete Jansen  
Rektor Sæbø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Agnes Hoshovde Bernes

Arve Hagesæter

Kari Mette Ulvatn Bø

Marit Hornnes

Radøyvegen 364

5938

SÆBØVÅGEN

**Mottakarar:**

Marte Kristin Merkesdal Klanderud	Nordre Austmarka 60	5938	SÆBØVÅGEN
Solveig Beate Elvik	Slettevegen 100	5936	MANGER
Thor Inge Lone			
Vilde Follesø			
Elevrådet, to representantar			